



Naturvernforbundet Hordaland si årsmelding for 2022

Dette var det første normalåret etter korona-pandemien, noko som viser godt igjen i aktivitetsnivået i Naturvernforbundet Hordaland. Me har gitt ut ein motrapport som plukkar frå kvarandre Statens vegvesen sin «klimarapport» om Hordfast, hatt ei rekke oppslag og lesarbrev i media om dette og andre motorvegplanar, samt cruise, tog, ulovlege skogsbilvegar, nedbygging av natur, hyttebyar, verna vassdrag, vindkraft, elektrifisering av sokkelen, plast med meir. Me har demonstrert mot Statens vegvesen, delteke på klimastreik, arrangert folkemøte på Tysnes, møtt ei rekke politikarar, halde innlegg og føredrag, arrangert Naturlige onsdagar, gitt innspel til partiprogram, arrangert synfaringar, turar, samling på Lygra, gjenbruksveke og dugnadar mot skadelege framande artar, plukka plast og hatt fiksefestar. Me har jobba for energisparing og feira natursigar, produsert vervefilm og fått med nye frivillige.



Ein stor delegasjon frå Hordaland deltok på Naturvernforbundet sitt landsmøte på Hamar i april. På kontoret har me satsa og utvida til seks årsverk, og me har investert ein god del av eigenkapitalen på satsingar som organisasjonsbygging, verving og advokathjelp i samband med skogsbilvegane.

Me hadde 3675 medlemmar per 31.12.2022. På same tid i 2021 hadde me 3745 medlemmar. Nedgangen skuldast at sentralt hausten 2022 gjennomførte ei stor opprydding i medlemslistene, slik at medlemmar som ikkje hadde betalt kontingent på ei stund vart fjerna. Dette er med på å forklara nedgangen, som gjaldt for heile landet. Fylkeslaget ligg jamt på ca. 10% av medlemsmassen til Naturvernforbundet. Me har lokallag i Bergen, Askøy, Nordhordland, Voss, Kvam, Kvinnherad og på Stord, og studentlaget Naturvernstudentane i Bergen har blitt revitalisert. Me var i utgangen av 2022 godt i gang med å stifta Naturvernforbundet i Hardanger, eit nytt regionlag som skal omfatta kommunane Kvam, Ullensvang, Eidfjord og Ulvik. Me har i 2022 hatt tre aktive grupper av frivillige, Klima og transportgruppa, Naturmangfaldsgruppa og Fiks & forbruk-gruppa (relatert til prosjektet Ta vare på det du har).

Denne årsmeldinga er ikkje ein uttømande oversikt over alt me har gjort i 2022, men ei oppsummering der me trekker fram nokre av dei viktigaste aktivitetane sett opp mot arbeidsprogrammet. Årsmeldinga er skriven på begge målformar, ut frå kven som har skrive dei ulike avsnitta.



Styret

Verv	Namn	Andre verv/rollar
Leiar	Gabriel Fliflet	Styreutvalet Klima og transportgruppa Landsmøtedelegat 2022
Nestleiar	Tom Skauge	Styreutvalet
Nestleiar økonomi	Knut Espelid	Styreutvalet Landsstyreprerentant
Styremedlem	Hallvard Birkeland	Leiar i lokallaget i Bergen
Styremedlem	Tone Salomonsen	Vara til landsstyret Landsmøtedelegat 2022
Styremedlem	Bård S. Larsen	Nasjonal energi arbeidsgruppe Klima og transportgruppa Landsmøtedelegat 2022
Styremedlem	William Helland-Hansen	Leiar i klima og transportgruppa Nasjonalt klimautval Landsmøtedelegat 2022
Styremedlem fram til sommaren då ho flytta til Røst.	Tonje Sæther	Leiar i Naturvernstudentane fram til sommaren då ho flytta
Styremedlem frå NU	Ada Amilia Skjensvold	Leiar Vestland Natur og Ungdom
1. varamedlem fram til 18.08 Styremedlem f.o.m. 18.08 Rykka då opp til fast styremedlem sidan Tonje Sæther gjekk ut av styret.	Oddvar Soldal	Naturvernforbundet i Kvam Med i det faglege rådet for Folgefonna nasjonalpark
2. varamedlem fram til 18.08 1. varamedlem f.o.m. 18.08	Anne Gilde	Klima og transportgruppa
3. varamedlem fram til 18.08 2. varamedlem f.o.m. 18.08	Siri Vatsø Haugum	
3. vara f.o.m. 18.08 Styret supplerte med nytt styremedlem etter at Tonje Sæther gjekk ut av styret og dei eksisterande varaene rykka opp.	Helene Vacarisas	Naturmangfaldsgruppa



Tilsette og praksisstudentar

Stilling	Navn	
Fylkessekretær 100% fast stilling	Synnøve Kvamme	Frikjøpt 20% som nestleiar nasjonalt t.o.m. landsmøtet 24. april då ho gav seg i vervet etter å ha takka nei til attval. Deretter tilbake i 100% fast stilling som fylkessekretær i NVH. Medverkar i prosjekta etter behov, og har i 2022 jobba ein del med prosjekta <i>Energismart</i> (herunder EU-prosjektet <i>Enchant</i>), og leia prosjekta <i>Feire Seire</i> og <i>Naturglede</i> . Representerer NVH i: - Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland (styremedlem) - Samarbeidsalliansen "Arven etter plasthvalen" - Stiftinga Loofts gave
Rådgjevar Redaktør NaturVest F.o.m. hausten 2022 100% fast stilling	Mona Maria Løberg	Var i 100% foreldrepermisjon første halvår 2022. Jobbar på fjernkontor frå Trondheim. Jobbar med: Nettsider, design, SoMe, inkludering, formidling og fungerer som rådgjevar i alle prosjekta.
Prosjektleiar <i>Bevaring gjennom skjøtsel</i> 100% fast stilling	Jeanette Tennebekk	Har også jobba med filmprosjekt om granrydding, det nasjonale samarbeidsprosjektet <i>Kulturbetinget naturmangfold</i> og <i>Oppdrag blomstereng</i> . Frå hausten 2022 jobbar ho også med skogsbilvegsakene.
Prosjektleiar <i>Ta vare på det du har og Energismart</i> 100% fast stilling	Lena Teigland	Leiar og utviklar prosjektet <i>Ta vare på det du har</i> . Har vore prosjektmedarbeidar i <i>Energismart</i> og jobbar særskilt med EU-prosjektet <i>Enchant</i> . Då Rasmus gjekk ut i permisjon i november tok Lena over som prosjektleiar for <i>Energismart</i> . Medverkar òg i arbeid med overordna inntektsstrategi.
Rådgjevar og prosjektleiar <i>Energismart</i> 100% fast stilling I uløna permisjon f.o.m. 03.11	Rasmus Laupsa Rasmussen	Jobbar i hovudsak med <i>Energismart</i> , herunder EU-prosjektet <i>HACKS</i> , skogsbilvegsaker og oppfølging av lokallag og ulike politiske saker. Var 100% sjukemeldt i perioden 16.08-23.10 og 60% sjukemeldt i perioden 24.10-04.11. F.o.m. 03.11 gjekk han ut i 100% uløna permisjon då han vart tilbydd stillinga som politisk rådgjevar for byrådsleiar i Bergen, Rune Bakervik.
Prosjektleiar <i>Plastjakten</i> 100% fast stilling	Ingvild Kristine Sundal Joys	Leiar og utviklar prosjektet <i>Plastjakten</i> . Jobbar også med SoMe, oppfølging av studentlaget og admin-oppgåver.
Praksisstudent Mastergrad i Berekraft ved UiB	Elise Gulseth	I praksis hjå NVH i 100% hausten 2022. Jobba i hovudsak med Hordfast og korleis ikkje-prisgitte verdiar vert vektlagt i analysen av samfunnsnytte. Medverka også i aktivitetar og særskilt <i>Plastjakten</i> .
Praksisstudent Bachelorgrad i biologi ved UiB	Ragnhild Svensen Stokka	Praksisstudent frå Institutt for Biologi (UiB) våren 2022. Jobba i hovudsak med <i>Plastjakten</i> og <i>Bevaring gjennom skjøtsel</i> .



Våre prioriterte saker i 2022

I arbeidsprogrammet for 2022 hadde me følgjande satsingar og hovudmål:

Hovudsatsingar:

1. Ein levande, livskraftig natur, eit energieffektivt, fossilfritt samfunn
2. Eit synleg og slagkraftig naturvernforbund i Hordaland

Hovudmål:

1. Få politikarar til å forplikta seg til, og realisera, konkrete tiltak for natur, klima og miljø.

Dette har me mellom anna gjort mellom å:

- Senda innspel til partiprogramma i Vestland
- Arrangera debattar med politikarar
- Utfordra politikarane i media (sjå eigen oversikt over medieoppslag)
- Halda innlegg på viktige arenaer

Ein av dei viktigaste sigrane dette året, som me gjerne innkasserer vår del av æra for, er at Bergen kommune har vedteke arealnøytralitet som mål. Dette vart endeleg vedteke 25.01.2023, og er noko me har jobba for i mange år.

2. Styrka fylkeslaget gjennom verving, rekruttering av frivillige og stifting av nye lokallag.

Dette har me mellom anna gjort gjennom å:

- Jobba for oppretting av lokallag i Ullensvang, seinare endra me strategi til å jobba for oppretting av lokallag i Hardanger i staden.
- Styrka kontakten med lokallaga, mellom anna gjennom å invitera dei med prosjektetaktivietar og målretta invitasjonar til sosiale arrangement
- Utvikla og gjennomført rekrutteringsopplegg og velkomstmøte for nye frivillige/folk som er nysgjerrige på å engasjera seg i Naturvernforbundet
- Laga vervefilm som vert lansert i 2023

Arbeidet for å nå måla våre har vore gjort av styret, Klima og transportgruppa, Naturmangfaldsgruppa, lokallaga og medarbeidarane på kontoret som driv ei rekke prosjekt.

Før me kjem inn på oppnåinga av dei konkrete måla, oppsummerer me kort aktivitetane i dei to frivilligruppene:

Klima og transportgruppa

Leiar: William Helland-Hansen

Klima- og transportgruppen har holdt syv møter i 2022. De første møtene var på zoom, men fra og med mai 2022 har vi stort sett hatt fysiske møter. Vi er typisk 7-11 deltagere på møtene.



I møtene diskuterer vi pågående saker, forbereder møter og aksjoner og tar opp aktuelle klima- og transporttemaer. Vi har gjennomført et fast opplegg med innledninger og påfølgende diskusjon. Eksempler på temaer vi har tatt opp er: veiprosjekter inn mot Bergen sentrum, prioriteringsmatrise for klimatiltak, Statens Vegvesens klimarapport og vår egen motrapport, Naturvernforbundets «Behov for en grønnere veipolitikk» rapport, og Wistingfeltet.

William Helland-Hansen har ledet møtene og Anne Gilde har vært referent.

Viktige saker:

- Hordfast
- Motorveiproblematikk
- Cruise
- Energispørsmål og strømprisdebatten
- Wisting-oljefeltet, der gruppen har bidratt med geologisk ekspertise i argumentasjonen
- Høringsinnspill til Bergen kommune og Vestland fylkeskommunes klimastrategier

Naturmangfaldsgruppa

Leiar: Harald Simonsen

Gruppa hadde ved utgangen 2022 10 aktive personer. Gruppa har hatt 8 møter i 2022.

Viktige saker:

- Kildn cruisehamn på Askøy
- Kolltveit-Ågotnes (fylkesveg 561)
- Kanadaskogen
- Kartlegging av viktige naturverdier i Bergen
- Kalgane/Lagunen
- Naturmangfoldsstrategi for Bergen
- Kokstaddalen
- Eikelund
- Store Lungegårdsvann
- Storavatnet ved Sandviksfløyen

Me vil i det vidare gjera meir inngåande greie for korleis fylkeslaget har jobba innan desse hovudatsingane i året som har gått, og korleis me har jobba for dei konkrete måla me sette oss:



Tema: Samferdsle

Hordfast

Mål: Velta det politiske fleirtalet for Hordfast, det største naturinngrepet i Hordaland i moderne tid

Me har mellom anna jobba for dette gjennom:

- Folkemøte på Tysnes 28. mars, innlegg ved Jan Chr. Rivenæs og Gabriel Fliflet
- Ei rekke oppslag og lesarbrev i media (sjå eigen oversikt lenger ned)
- Innspel til partiprogramma i Vestland
- Demonstrasjon utanfor Statens vegvesen sitt kontor i Bergen 10. november
- Skrive og publisert ein grundig motrapport til Statens vegvesen sin «klimarapport» om Hordfast, som me har oversendt
 - Vestland fylkesting
 - Stortinget ved
 - Energi- og miljøkomiteen
 - Transport- og kommunikasjonskomiteen
 - Kommunal- og forvaltingskomiteen
 - Finanskomiteen
 - Klima- og miljøminister Espen Barth Eide
 - Samferdsleminister Jon-Ivar Nygård
- (Digitalt) møte med Samferdsledepartementet ved statssekretær Johan Vasara 5. desember, Gabriel, Tom og Holger Schlaupitz (fagsjef NNV sentralt) deltok
- Gabriel Fliflet og Tom Skauge innleia på Bergen Næringsråd sitt møte "Kan veibygging være bærekraftig?" 6. desember





Jobba for å stoppa andre, naturøydeleggende vegprosjekt

Klima og transportgruppa og fleire i styret har særskilt jobba med dette, mellom anna gjennom:

- Å engasjera oss generelt i motorvegproblematikk i Bergensområdet i forhold til Byvekstavtalen og planlagde prosjekt (Ringveg aust m.fl.)
- Lesarbrev og medieoppslag (sjå eigen oversikt)
- Innspel til partiprogram
- Møter med politikarar i Bergen og Vestland
- Skrive brev om støtte til endring i framdriftsplanane for E16 (at tog og rasutsett strekning vert prioritert først), til Hordalandsbenken, Finanskomiteen, Finansdepartementet, Samferdsledepartementet, KLD og KDD

Naturmangfaldsgruppa og FNF Hordaland har også jobba med den planlagde nye fylkesvegen Kolltveit-Ågotnes (fylkesveg 561), og hadde ekskursjon til Ågotnes 18. mai der dei sjekka ut delar av føreslått trasé. NVH har med hjelp frå FNF-koordinator sendt klage til sivilombodsmannen som har opna sak og vil konkludera første halvår 2023.

Cruise

Mål: Verna Askøy mot Kildn-cruisehamna, samt fortsetta arbeidet mot miljøskadeleg cruisetrafikk

I fylkeslaget er det i hovudsak Klima og transportgruppa og Naturmangfaldsgruppa som særskilt har jobba med dette. Klima og transportgruppa har jobba for at Bergen kommune skal overhalda cruise-vedtaka sine om at Bergen skal ha same krav som verdsarvsfjordane innan 2026, og begge gruppene har jobba for å motarbeida cruisehamnprosjektet Kildn på Askøy, mellom anna gjennom:

- Ekskursjon til Eidsvika på Askøy der Kildn er planlagt (Naturmangfaldsgruppa)
- Deputasjon i Utval for finans, kultur og næring om cruse, v/ Gabriel Fliflet
- Møte med finansbyråd i Bergen, Per Arne Hvidsten Larsen, om skogsbilveg og cruise 3. juni (Tom Skauge, Gabriel Fliflet, Synnøve Spangelo, William Helland-Hansen)
- William Helland-Hansen deltok i paneldebatt i Rosendalsveko om berekraftig turisme 9. august
- Lesarbrev og oppslag i media (sjå eigen oversikt)

Tog

Mål: Jobba for utbetring av Bergensbanen

Dette har me i hovudsak jobba for gjennom medieoppslag og innspel til politikarar. Me har framsnakka å reisa med tog nedover Europa i det første nummeret av NaturVest med reportasje frå togreisa t/r energikonferansen Lena og Synnøve deltok på i Linz, Austerrike, gjennom EU-prosjektet *Enchant*.



Bybane

Mål: Delta i ordskiftet om bybane til Åsane

Dette har me i hovudsak jobba for gjennom å senda høyringsuttale som støttar forslaget til reguleringsplan.

Tema: Miljøkriminalitet, forsøpling og ureining

Oppdrett

Mål: Verna Hardangerfjorden og andre sårbare område i fylket mot miljøskadeleg oppdrett, til dømes gjennom å søka samarbeid med andre fylkeslag som jobbar med dette. Me vil også følge opp forslaget om å etablere vernesone ytst i Hardangerfjorden.

Fylkeslaget har ikkje jobba så mykje med oppdrett som me håpa i 2022. Det er i hovudsak lokallaga i Kvam og Nordhordland og FNF Hordaland som har jobba mykje med dette. Det me har gjort i NVH er å:

- Skrive kritisk uttale til søknaden frå Lerøy Vest AS om å etablere oppdrettsanlegg ved Gjerdeneset i Alver kommune, saman med Naturvernforbundet i Nordhordland
- Synnøve K. deltok på fellesmøte med ei rekke natur- og friluftsfylkeslag og Eide Fjordbruk/Salmon Eye der me diskuterte utfordringane ved oppdrettsindustrien

Miljøkriminelle skogsbilveggar

Mål: Jobba for at det vert slutt på systematisk dumping av forureina massar og villfyllingar, særskilt i samband med skogsbilveggar

Me har mellom anna jobba for dette gjennom:

- Møter med politikarar:
 - Møte med finansbyråd i Bergen, Per Arne Hvidsten Larsen, om skogsbilveggar og cruise 3. juni (Tom Skauge, Gabriel Fliflet, Synnøve Spangelo, William Helland-Hansen)
 - Møte med miljøbyråd Ingrid N. Fjeldstad 9. desember (Gabriel, Tom og Synnøve K.)
- Stort oppslag i Bergens Tidende juli 2022
- Møte med politiet om pågåande etterforsking
- Innlegg på Byutviklingskonferansen november 2022 (rundt 600 deltakarar)
- Klagesaker
- Jobba for å få Brennpunkt til å laga episode
- Sendt brev til miljøbyråd Ingrid N. Fjeldstad og byrådsleiar Rune Bakervik



Naturvernforbundet

Hordaland

Bergens  Tidende

BT Magasinet

Sport

Økonomi

Bli abonnent

Søk

MENY

I årevis har de kjempet mot skogsveiene på Fanafjellet. Nå har Riksadvokaten åpnet etterforskning.

Skogsbilveiene er miljøskadelige, overdimensjonerte og bygget uten tillatelse, påstår Naturvernforbundet. – Det ser forferdelig ut, sier byråden.

Publisert: 7. juli 2022



Prosjekt: Plastjakten

Prosjektleder: Ingvild Sundal Joys

Holdningsskapende rydding

I 2022 var 90 frivillige ute og ryddet med Naturvernforbundet i Hordaland og til sammen hadde vi 620 frivillighetstimer med plastrydding fordelt på 10 små og store ryddeaksjoner. Estimert ryddet i 2022 var 813 kg plastavfall. Flere av ryddeaksjonene var en del av samarbeidene Plastpatruljen og Studentenes Ryddeaksjon. I tillegg deltok vi i organiseringen av «verdens største ryddeaksjon» Rein Hardangerfjord i strandryddeuken hvor også lokallaget i Kvam arrangerte en ryddeaksjon.





Kunnskapsdeling

Vi laget digital konferanse i anledning femårsmarkeringen av Plasthvalens død i *The Plastic Whale Heritage/Arven etter plasthvalen*-samarbeidet, og 200 VGS-elever fikk høre foredrag om plastproblemet og personlig engasjement. Plastutstillingen som ble laget av oss for noen år tilbake og utstilt på Herdla, fikk nytt liv på Kystmuseet i Sogn og Fjordane i regi av Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, og vi deltok på åpningen. På Klesbyttedagen hadde vi stand om plast i klær. Vi sendte ut materiellet «Plast- og giftfri barnehage» til alle offentlige barnehager i Voss herad og noen i Bergen, til sammen 20 barnehager, tilbød oppfølging i temaet, delte kampanjemateriell i sosiale medier, og inviterte til fysisk seminar, dessverre med liten respons. Mange ønsket å delta, men hadde ikke kapasitet til å prioritere det. Vi startet arbeidet med å få på plass temaside om plast/plastjakten på de nye nettsidene og hadde flere kampanjer i sosiale medier. Blant dem Studentenes Ryddeaksjon i samarbeid med Bærekraftspilotene v. UiB og Sammen. Plastnyhetsbrevet har nå over 200 påmeldte, hvor det går ut invitasjoner til plastydding og annen plaststoff ut til de som har meldt seg på, både medlemmer og andre.

Påvirkningsarbeid

Vi skrev innspill til Voss Kommune sin plaststrategi og et høringsinnspill til detaljreguleringssplan for nye Granvin barnehage hvor vi frarådet bruk av plast som fallunderlag.

Samarbeid og nettverk

I tillegg til det allerede nevnte samarbeid deltok vi på Hold Norge Rent-konferansen, og på møter i Forum Landbruksplast. I Naturvernforbundets Plastnettverk har vi hatt digitale møter ca. en gang i måneden. Vi fikk også fått dratt på samling til Rogaland i september. Ansatte fra sentralt, Sogn og Fjordane, Hordaland, Oslo og Akershus besøkte Naturvernforbundet i Rogaland hvor vi fikk lære mer om Plast- og giftfri barndom, miljøgifter, ettersorteringsanlegg, nasjonal- og internasjonal avfallspolitikk, løsninger på problemet med landbruksplast og mye annet! Nasjonal nestleder Randi hadde vi også med oss.

Plastjakten fikk i 2022 støtte fra: Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, Handelens Miljøfond, Naturvernforbundet sentralt og Fana Sparebank.

Tema: Vern og naturmangfold

«Gode, grønne Bergen 2030»

Mål: Følg opp måla i visjonane våre om «Gode, grønne Bergen 2030», særskilt gjennom å følge opp Bergen kommune sine strategiar og planar

Det er i hovudsak Naturmangfaldsgruppa som særskilt har jobba med dette, mellom anna gjennom:

- Kartlegging av viktige naturverdier i Bergen i et digitalt kart. En interaktiv geobase; med innspill på viktig natur, naturområder og artsfunn i Bergen. Flere av gruppemedlemmene har lagt inn områder med naturverdier i basen. Basen brukes som grunnlag for en ny strategi for naturmangfold i Bergen.
- Naturmangfoldsstrategi for Bergen; gitt innspill til utkast.



I tillegg hadde me eit medlemsmøte med tittelen «Gode, grønne Bergen – hvordan når vi dit? Om dilemmaer og veivalg.» 2. mai, med innleiingar av Siri Vatsø Haugum, Harald Simonsen, Tom Skauge, og Fremtenkt ved Ragnhild Nabben og Sveinung Sundfør Sivertsen.

Nye nasjonalparker

Mål:

- ***Støtta opp om og arbeida for at forslaga om nasjonalparker i Kvammafjella og Fjonfjella vert realisert***

Dette har ikkje fylkeslaget jobba med i 2022. FNF Hordaland har jobba litt for dette, men i hovudsak er det lokallaga som har fulgt opp forslaget.

- ***Jobba for Bjørnafjorden nasjonalpark***

Dette har me ikkje jobba så mykje med, utover at Gabriel skreiv eit lesarbrev i Bergens Tidende (sjå oversikt lenger ned).

Verna LNF-område

Mål: Verna LNF-område (landbuk, natur og friluftsliv) som Øksnesmarka mot utbygging

- I FNF har me spelt inn Øksnesmarka som kandidat for ny naturkartlegging i 2023. Elles er det i hovudsak lokallaget i Nordhordland som har jobba med denne saka.
- Naturmangfaldsgruppa/FNF har skrive uttale om naturnedbygging av grøntareal med raudlista artar i Kalgane/Lagunen, og fått medieoppslag om dette.

Vassdrag

Mål: Stå opp for dei verna vassdraga og jobba for at fleire vassdrag vert varig verna

Dette har me m.a. jobba for gjennom:

- Lesarbrev og medieoppslag
- Innspeiling av kampanjefilm på Voss
- Tipsa det nasjonale vassdragsvernutvalet i Naturvernforbundet om trugsmåla mot Raundalselva

Klaus Rasmussen, leiar i Naturvernforbundet i Kvam, vart i 2022 valt inn i det nasjonale vassdragsvernutvalet i Naturvernforbundet.

Fjellheimen

Mål: Verna fjellheimen mot nye utbyggingar, inkludert hyttefelt

Dette har me m.a. jobba for gjennom:

- Lesarbrev og medieoppslag, særskilt om Eidfjord Resort
- Høyringsuttale om gondolbane til Rossnos i Odda
- I tillegg har me jobba mot vindkraft i Stølsheimen, i hovudsak gjennom FNF

Arealpositivitet

Mål: Jobba for at «arealpositivitet» vert vedteke som styringsmål i kommunar i fylket vårt og for at fylkeskommunen og Vestlandskommunar utarbeidar strategiar og



Naturvernforbundet

Hordaland

kommunedelplanar for naturmangfald og klima

Dette har me i hovudsak jobba for gjennom innspel til fylkeskommunen og kommunar, gjennom FNF-uttalar og innleiingar me har halde på ulike arenaer.

Prosjekt: Bevaring gjennom skjøtsel

Prosjektleder: Jeanette Tennebekk

I *Bevaring gjennom skjøtsel* er målet å mobilisere til handlinger og konkrete tiltak som ivaretar naturmangfold i truede naturtyper og legge til rette for ville pollinerende insekter. Dette gjør vi gjennom tre hovedsatsninger; restaurering av truede naturtyper ved å rydde fremmede og invaderende treslag, for eksempel i kystlynghei (sterkt truet naturtype), etablering og skjøtsel av blomstereng og urban dyrking i en parsell som er et eksempel på en naturvennlig hage. En viktig del av arbeidet rundt hovedsatsningene er å informere om naturen og naturtypene, samt hvordan folk flest kan tilrettelegge for pollinerende insekter.

Naturvernforbundet Hordaland sin rolle er å mobilisere flere frivillige til å delta på aktiviteter som bidrar til å ta vare på våre naturområder og hjemlige arter. Gjennom aktivitetene ønsker vi å øke flere personers bevissthet for hvor viktig det er å ta vare på naturen, og spesielt truede naturtyper og insekter som er ferd med å forsvinne.





Tiltak mot fremmede bartrær og for trua natur:

I 2022 har vi gjennomført 4 granryddedugnader og ett lyngbrenningskurs med lyngbrenning i kystlynghei på Rapeneset i Radøy i Alver kommune, og har bidratt til å spre informasjon om seks hemlokkdugnader i Langeskogen. Vi har også laget og publisert filmer om fremmede bartrær og trua naturlandskap, for mobilisering til den store granryddedagen, skrevet artikler om kystlynghei og bærekraftig jordbruk, invitert ulike aktører til et fagseminar om åpne landskap i Nordhordland, samt avtalt oppstart av skjøtselsdugnader på byfjellene i Bergen i samarbeid med Bergenske trær- og skogplantingsselskap. Disse dugnadene starter opp i 2023.

Tiltak for ville pollinerende insekt:

I år har vi blant annet arrangert flere humlekassekurs, vært på stand ved Vil Vite sin insekthelg, driftet vår naturvennlige hage, og rekruttert flere frivillige. Vi har inngått samarbeid i prosjektet *Oppdrag Blomstereng* med Bærekraftig liv på Landås, som likestilte aktører. I Oppdrag blomstereng har vi vært med å videreutvikle prosjektet og gjennomført en rekke aktiviteter.

Bevaring gjennom skjøtsel fikk i 2022 støtte fra: Statsforvalteren i Vestland, Bergen kommune og Naturvernforbundet sentralt.

Tema: Forbruk, energi og elektrifisering

Grønvasking

Mål: Motarbeida grønvasking og hindra at det grønne skiftet vert grått

Dette er eit overordna mål som på ein eller annan måte er ein del av det meste me driv med.

Elektrifisering av sokkelen

Mål: Jobba mot elektrifisering av sokkelen med kraft frå land, og synleggjera kva me meiner den fornyelege krafta skal prioriterast til

Dette har me jobba med gjennom Klima og transportgruppa som mellom anna har skrive lesarbrev om dette, og me har uttala oss kritisk til konkrete planar om elektrifisering av sokkelen med kraft frå land: NOA/Krafla og Osebergfeltet.

Prosjekt: Energismart (inkludert EU-prosjekta HACKS og Enchant)

Prosjektleder: Rasmus L. Rasmussen, deretter tok Lena Teigland over

Målet med prosjektet *Energismart* er å gi innbyggere kunnskap og motivasjon til å effektivisere og redusere energibruken i egne hjem, på arbeidsplassen og ellers i hverdagen, og til å bidra til lokal kraftproduksjon gjennom installasjon av for eksempel solceller på egne tak.

I 2022 har vi særlig jobbet med å få på plass et trepartssamarbeid med Bergen Kommune og Simernergi om å tilby gratis energirådgiving til innbyggerne i kommunen.

Vi er i ferd med å avslutte energispesialistordningen og vi har brukt en del tid på å definere hva *Energismart* skal være i framtiden. Vi jobber også med å fornye Energismart.no både med å legge ut flere relevante og oppdaterte artikler og med å flytte over eksisterende innhold til de samme sidene som Naturvernforbundet nå benytter.



Vi har deltatt i to EU-prosjekt, *Enchant* og *HACKS*.

Naturvernforbundet er brukerpart i forskingsprosjektet *ENCHANT*– Energy Efficiency through behavior Change Transition – som er et prosjekt som skal undersøke hva som får folk til å ta energismarte valg, og hvordan en kan påvirke slik at det store flertall blir med på den energiomstillingen som verden virkelig trenger nå. Prosjektet retter seg mot millioner av europeiske innbyggere. Norge er ett av syv land som er med i prosjektet.

Vi har vært med på å utforme kampanjer, samt brukt våre kanaler, både lokalt og sentralt til å rekruttere deltagere til en vitenskapelig undersøkelse. Vi har også deltatt på generalforsamling i Linz i Østerrike. I *HACKS* – Heating and Cooling Know-how and Solutions – har vi ikke kunnet bidra så mye i 2022 grunnet sykefravær, men innsatsen vår har hovedsakelig gått ut på å oppdatere lister over de mest energieffektive produktene innenfor oppvarming, samt å lage en energiquiz i konkurranse med Sverige.

Energismart fikk i 2022 støtte/inntekter fra: Bergen kommune, EU Horizon 2020 (*HACKS* og *Enchant*) og energispesialister.

Naturlige onsdagar om energi

Klima og transportgruppa tok initiativ til å arrangere tre Naturlige onsdagar i 2022. Dei vart finansiert med gruppa sine egne midlar, Broen til framtiden-midlar frå NNV sentralt, og streaming-kostnadane på dei to siste arrangementa hausten 2022 vart dekket av *Energismart*-prosjektet.

Tema for møta var:

- 30. mars: «Er kjernekraft grønn energi?»
<https://www.youtube.com/watch?v=C1eNOh2pAdk>
Innledere Øystein Heggdal (journalist), Truls Gulowsen (NVF), Ole Christen Reistad (IFE), Jan Embelmsvåg (NTNU). Møteleder Bård Larsen. Ca 40 deltakere
- 21. september: «Energi til alle – på naturens bekostning?»
(sammen med Naturvernforbundet sentralt og Broen til fremtiden)
<https://www.youtube.com/watch?v=04XXrLx8LH0>
Innledere Terje Kronen (NVF), Olav Karstad Isachsen (NVE), Ole Hagen (EL og IT forbundet), Holger Schlaupitz (NVF). Møteleder Synnøve Kvamme. Ca 20 deltagere
- 9. november: «Er det nok kraft til alle i Vestland?»
(sammen med Naturvernforbundet sentralt og Broen til fremtiden)
<https://www.youtube.com/watch?v=6gpmYjU4DQ0&t=5658s>
Innledere: William Helland-Hansen (NVF), Stina Ellevseth Oseland (Bergen kommune), Anne Sofie Bjelland (HVL), Atle Forfang Rostad (Industriaksjonen). Paneldebatt med politikerne Linda Monsen Merkesdal (Ap), Sofie Marhaug (R), Liv Kari Eskeland (H), Marianne Sæle (SV). Møteleder Synnøve Kvamme. Ca 40 deltagere



Naturvernforbundet

Hordaland

Prosjekt: Ta vare på det du har

Prosjektleder: Lena Teigland

I 2022 har vi fått gjennomført og truffet mange mennesker gjennom våre aktiviteter. Vi har gjennomført fiksefester, sy- og reparasjonsarrangement og solgt reparasjonsgavekort. Vi har stått på stand og vi har rekruttert til en ny gruppe med frivillige, Fiks & Forbruk. Vi har hatt gjenbrukskampanjer, hatt gjenbruks- og byttearrangementer og deltatt på gate- og nabomarked. Vi har hatt saker i media og på sosiale medier. Vi er med i nettverk med andre som jobber for hvordan klesbyen Bergen skal se ut. Vi har vært med å gjennomføre Gjenbruksuke og hatt åpne arrangementer for befolkningen der vi har satt gjenbruk og sirkulær økonomi i klesbransjen på dagsorden. På et av våre arrangement stilte vi spørsmålet: Miljøvennlig garderobe og sirkulær økonomi – er det mulig? Vi har oppfordret folk til å gi brukte gaver og tipset om hvordan en kan oppnå en mer miljøvennlig jul. Nettsidene våre er fornyet og har blitt lettere for publikum å navigere i og vi har nådd flere gjennom våre og andres sosiale medier.



Ta vare på det du har fikk i 2022 støtte fra: Bergen kommune, Sparebanken Vest sitt ildsjelfond, Vestland fylkeskommune, Frivillighet Norge og BIR.



Tema: Organisasjonsbygging og kunnskapsspreiing

FN-rapportar om klima og natur

Mål: Setta oss inn i og spreia kunnskap om FN sine siste klima- og naturrapportar

Mange i NVH har sett seg inn i rapportane, og brukt desse aktivt i både mediarbeid, opp mot politikarar og i innleiingar.

Fleire frivillige

Mål:

- ***Utvikla eit årleg opplegg for å engasjera og følgja opp nye frivillige, med særskilt fokus på å få med yngre, studentar og «pensjonerte» NU-arar***

I samarbeid med frivillig-gruppene arrangerte me eit «Bli frivillig i Naturvernforbundet!»-møte 31. august, med ca. 25 engasjerte deltakarar. Ein god del av desse har engasjert seg vidare i gruppene og/eller prosjektaktivitetar.

- ***Starta frivilliggruppe med fokus på forbruk og sirkulær økonomi***

I kjølvatnet av møtet for nye frivillige, fekk me også starta gruppa «Fiks & forbruk» i regi av *Ta vare på det du har*-prosjektet, så langt med 5 engasjerte gruppemedlemmar.





Lokallag

Mål:

- **Støtta lokallaga og frivilliggruppene når dei treng**
Me synest kontakten og samarbeidet har vorte betre både mellom fylkeslaget inkl. gruppene og lokallaga.
- **Stifta fleire lokallag**
Me har jobba for opprettinga av lokallag i Ullensvang, utan at me har lukkast i å finna nokon som var villige til å stilla som leiar. Derfor har me gått i gang med å stifta Naturvernforbundet Hardanger i staden, med kommunane Kvam, Eidfjord, Ulvik og Ullensvang. Målet er å stifta det i første del av 2023.
- **Inkludera lokallaga våre i prosjektaktivitetar**
Dette har me blitt betre på: I prosjekta *Bevaring gjennom skjøtsel og Feire seiere* hadde me eit særskilt godt samarbeid med lokallaget i Nordhordland, og fleire lokallag jobbar også meir med plast.

Samlingar

Mål:

- **Gjennomføra samling for tillitsvalde, frivillige og tilsette i april**
Me hadde ei fin helg på Lygra 1.-3. april med ca. 17 deltakarar.
- **Gjennomføra møter, turar og synfaringar for å inspirera nye og gamle naturvene**
 - Synfaring til Eidesvika på Askøy der cruisehamn er planlagd (Naturmangfaldsgruppa)
 - Synfaring i traseen til ny fylkesveg Kolltveit-Ågotnes (Naturmangfaldsgruppa/FNF Hordaland)
 - Guida tur «utanfor stiane» i Kanadaskogen for interesserte (Naturmangfaldsgruppa v/ Helene Vacarisas)

Dette har me også gjort gjennom prosjekta *Feire seiere* og *Naturglede*:

Prosjekt: Feire seiere

Prosjektleiar: Synnøve Kvamme

Målet med prosjektet var å visa fram og feira nokre tilfelle der naturen har sigra. Dette gjorde me i samarbeid med lokallaget i Nordhordland, og nokre av dei andre FNF-organisasjonane:

- *Feiring av vindkraftfri natur på Fedje 11.-12. juni*
I samarbeid med: Naturvernforbundet Nordhordland
Bakgrunnen for at me valde å leggja den eine feiringa til Fedje, var at Naturvernforbundet har jobba med ei viktig sak om vindkraftutbygging her dei siste par åra. Den politiske leiinga på Fedje opna for å vurdere botnfaste vindturbinar på 200 meters høgdde like ved Fedje, noko Naturvernforbundet både lokalt og nasjonalt, og ei rekke andre aktørar, gjekk ut mot. Våre grunnar for å gå imot ei slik utbygging var av omsyn til inngrepa i sårbar kystnatur og konsekvensane turbinane ville kunna ha for sjøfugl, taeskeg og økosystema på Fedje generelt. I juni 2021 gjekk kommunestyret på



Naturvernforbundet

Hordaland

Fedje inn for å skrinlegga planane, og dette synest me var verdt å feira. Feiringa gjekk over to dagar: Laurdag 11. juni arrangerte me miniseminar om vindkraft i fleirbrukshallen på Fedje. Om lag 25 personar var til stades. Søndag 12. juni arrangerte me tur til dagsturhytta på Fedje, Aurihophytta. Om lag 20 personar vart med på turen, noko me var nøgde med i lys av vêret som baud på regn og vind. Ekstra hyggeleg var det at seks flyktningar frå Ukraina som nyleg hadde kome til Fedje og to papirlause flyktningar, vart med på turen.



- *Feiring av Skarvøy friluftsområde 4. september*

I samarbeid med: Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) og Askøy Jeger- og Fiskarforbund

Skarvøy ligg like sør for Herdla fuglereservat heilt nord på Askøy, og 4. september vart denne øya offisielt opna som friluftsområde – noko me synest var vel verdt å feira.

Fram mot opninga har BOF mellom anna fått i stand padlehuk og toalett på øya for å leggja betre for friluftslivet. Friluftsområdet vart høgtidleg opna av leiar for Utval for oppvekst og levekår i Askøy kommune, Rosalind Fosse, og dagleg leiar i BOF, Dag Seter. Vestland fylkeskommune ved Anders Søyland heldt også tale med lovord om samarbeidet og innsatsen til friluftsrådet og Askøy kommune. 85 deltakarar var innom i



løpet av dagen, og fekk mellom anna å vera med å rydda søppel, delta på quiz og fiska. Ein god dag for naturglede.

- *Feiring av kystkulturlandskap på Krossøy og Øksnesmarka 11. september*

I samarbeid med: Naturvernforbundet Nordhordland

Kystlyngheiene er i dag sterkt truga, og avhengige av tradisjonell skjøtsel som beiting og lyngbrenning om me skal klara å ta vare på dei. Naturvernforbundet Hordaland og lokallaget vårt i Nordhordland har i fleire år jobba med skjøtselstiltak som lyngbrenning og rydding av skadelege invaderande treslag for å berga kystlyngheiene, mellom anna i Øksnesmarka, i samarbeid med sauebønder og grunneigarar. Innsatsen har gitt resultat, og dette synest me var verdt å feira. Me arrangerte tur til Krossøy og Øksnesmarka med 10 deltakarar, med føredrag og kake til slutt.

Feire Seiere fekk støtte av Vestland fylkeskommune i 2021, med løyve om å nytta mesteparten av midlane i 2022.

Prosjekt: Naturglede

Prosjektleder: Rasmus L. Rasmussen, deretter Synnøve Kvamme

Grunna seine søknadssvar og sjukefråvær, fekk me berre gjennomført eitt Naturglede-arrangement i 2022. Turen til Skarvøy vart eit kombinert arrangement i samarbeid mellom *Naturglede, Feire Seiere* og dei andre arrangørane.

Dei resterande midlane fekk me utsett til vinteren 2023.

Fleire medlemmar og frie midlar

Mål:

- ***Utvikla ein strategi for medlemsverving, mediearbeid og kommunikasjon/kampanjar***

Dette har me i hovudsak gjort gjennom å vera aktive i media og å produsera vervefilmen som vert lansert i 2023. I tillegg har me vore meir aktive i sosiale media (Facebook og Instagram) og sendt ut nyheitsbrev.

- ***Jobba for auka frie midlar til natur- og miljøvernarbeidet vårt***

Me har søkt om meir fri støtte i 2022, utan at det dessverre har resultert i større løyvingar samla sett. Me har også jobba med ein strategi for å auka den frie støtta, som vert lagt fram i starten av 2023.

Uttala oss om viktige saker

Mål: Skriva fråsegner og uttala oss om viktige saker, både egne NVH-uttalar og gjennom Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland

Me har skrive ei rekke uttalar, både egne, og saman med FNF Hordaland. Oversikt over uttalane finst her: <https://naturvernforbundet.no/hordaland/uttalar/>



Økonomi

På årsmøtet i 2022 hadde Naturvernforbundet Hordaland følgjande egenkapital:

- 1 701 153 kr (fri egenkapital)
 - 2 400 000 kr (organisasjonsutviklingsfond)
- Totalt 4 101 153 kr

I 2022 har fylkeslaget investert ein god del av den frie egenkapitalen i organisasjonsutvikling, vervefilm og juridisk bistand. Dette er ein stor del av forklaringa på resultatet i årsrekneskapen, som viser eit underskot på 1 029 614 kr.

Dei viktigaste vedtaka var:

- Å nytta 500 000 kr av org. utviklingsfondet/fri egenkapital slik at fleire av tilsettressursane på kontoret kunne gå med til organisasjonsbygging, verving, lokallagssatsing og generelt politisk naturvernarbeid.
Dette vart først vedteke på styremøte 8.4.2021. Sidan kontoret hadde mindre kapasitet enn vanleg i 2021, vedtok styret på møte 8.12.2021 at dei 500 000 kronene kunne nyttast i 2022.
- Oppretting av ny fast stilling, som medførte at me gjekk frå 5 til 6 årsverk, styrevedtak 3.2.2022.
- Formalisering av arbeidsforholda på kontoret, slik at me følgjer Naturvernforbundet sin til ei kvar tid gjeldande avtale med NTL, vedtak av 3.2.2022. Sommaren 2022 tredde reforhandla lønsavtale mellom NNV og NTL i kraft, som medførte at alle på kontoret fekk eit lønsløft, og som har ført til auka lønskostnader.
- Produksjon av:
 - Vervefilm, ca. 100 000 kr – vedteke 8.4.2021, med overføring til 2022 (som ein del av organisasjonssatsinga)
 - Liten film om truga verna vassdrag, Raundalselva – vedteke på styremøte 13.1.2022, pris 20 000 kr
 - Hordfast-illustrasjonar Stord, vedteke på styremøte 20.6.2022, pris så langt ca. 17 000 kr (spleiselag mellom NVH, lokallaget på Stord og NNV, men me blir refundert når illustrasjonsjobben er ferdig i 2023)
- Juridisk bistand skogsbilveggar
 - Vedtak frå 2020 om å bruka 40 000 kr på juridisk bistand, spleiselag med NNV som betaler 20 000 kr. Dette arbeidet vart me først fakturert for i 2022.
 - Vedtak frå 2022 om å bruka ytterlegare 40 000 kr på juridisk bistand.

I tillegg har me i 2022 hatt ekstra utgifter knytt til:

- Landsmøtet: Reise og overnatting for 6 delegatar (inkl. Bergen sin delegat) og 3 tilsette
- Lygra: Leige av lokale på Lyngheisenteret og Gjestegarden

Underskotet på 1 029 614 kr er altså i hovudsak knytt til vedtaka om å nytta 500 000 kr av egenkapitalen til organisasjonsutvikling, utviding til seks årsverk på kontoret, ny lønsavtale med NTL, filmproduksjon og reise- og aktivitetskostnader knytt til m.a. landsmøtet og Lygra. I tillegg fekk me ein del seine søknadssvar som, i kombinasjon med sjukefråvær og permisjonar, gjorde at me ikkje fekk brukt alle prosjektinntektene i 2022, og måtte overføra 505 836 kr av prosjektinntektene til 2023.



Naturvernforbundet

Hordaland

I media 2022

20.01.2022, Klassekampen (papir): «Skånsam utbygging?»

Lesarbrev om den varig verna Raundalselva av Kåre Flatlandsmo, leiar i Voss Naturvernlag og Synnøve Kvamme (som nestleiar nasjonalt).

22.01.2022, Avisa Hordaland: «Høgre vil fjerna vernet av ti vassdrag: Synnøve Kvamme varslar Alta-opprør»

Artikkel og intervju med Synnøve Kvamme (som nestleiar nasjonalt):

<https://www.avisahordaland.no/vosso-og-granvinsvassdraget-pa-liste-over-vassdrag-hogre-ikkje-lenger-vil-skal-vera-verna-kraftig-provoserande/s/5-132-357621>

28.01.2022, Vestnytt: «I dag er det fem år siden denne dukket opp på Vindenes»

Artikkel om «plastkvalen» som viser til samarbeidsgruppa *Arven etter plastkvalen* der

Naturvernforbundet Hordaland er med: <https://www.vestnytt.no/nyheter/i/z7eaGK/i-dag-er-det-fem-aar-siden-denne-dukke-opp-paa-vindenes>

29.01.2022, Fanaposten: «Bergen kommune svikter naturmangfoldet»

Lesarbrev av Harald Simonsen, leiar i Naturmangfaldsgruppa og FNF-koordinator Gunvar Mikkelsen:

<https://www.fanaposten.no/meninger/debatt-bergen-kommune-svikter-naturmangfoldet/repvaB!qrgQyWPxGaccYEd2Alvg/>

04.02.2022, Bergens Tidende: «Liten trøst av Ringveg øst»

Lesarbrev av Gabriel Fliflet:

<https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/5Gey01/liten-troest-av-ringveg-oest>

09.02.2022, NRK Vestland: «Ny rapport viser at måling er den største kjelda til mikroplast i havet»

Artikkel og intervju med Ingvild Sundal Joys (prosjektleder *Plastjakten*):

<https://www.nrk.no/vestland/ny-rapport-viser-at-maling-er-den-storste-kjelda-til-mikroplast-i-havet-1.15837051>

10.02.2022, Bergens Tidende: «Har Bergens-området behov for to cruisehavner?»

Lesarbrev av William Helland-Hansen og Jan Nordstrøm (leiar Naturvernforbundet Askøy):

<https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/KzKaRy/har-bergens-omraadet-behov-for-to-cruisehavner>

11.02.2022, Bergensavisen: «Hordfast er meningsløst og svindyrt»

Lesarinnlegg av Tom Skauge og Roald Kvamme (Miljøvernforbundet):

<https://www.ba.no/hordfast-er-meningslost-og-svindyrt/o/5-8-1817081>

15.02.2022, Hordaland Folkeblad: «Naturvernforbundet har startet lokallag: - Det er mange som engasjerer seg i naturvern i Ullensvang»

Artikkel og intervju med Synnøve Kvamme:

<https://www.hardanger-folkeblad.no/naturvernforbundet-har-startet-lokallag-det-er-mange-som-engasjerer-seg-i-naturvern-i-ullensvang/s/5-22-397856>

Saka fekk også omtale i Radio Folgefonn.

04.03.2022, Avisa Nordhordland: «Hordfast – det største naturinngrepet i moderne tid»

Lesarbrev av Tom Skauge og Roald Kvamme (Miljøvernforbundet):

<https://www.nordhordland.no/hordfast-det-storste-naturinngrepet-i-moderne-tid/o/5-33-501943>

09.03.2022, Fanaposten: «Politikerne må verne Tusseskogen»

Lesarbrev av Oddvar Skre (Naturmangfaldsgruppa):



Naturvernforbundet

Hordaland

<https://www.fanaposten.no/meninger/debatt-politikerne-ma-verne-tusseskogen/repvci!AKwdrGrgk3cONyFVD3hBVA/>

13.03.2022, Bergens Tidende: «Mener Haga tar feil»

Artikkel om vindkraft, intervju med Synnøve Kvamme (som nestleiar):

<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/OrBVP3/vindkrafttopp-aaslaug-haga-vi-elsker-ikke-vindmoeller-men-vi-lik-den-groenne-kraften-de-gir-oss>

13.03.2022, Bergens Tidende: «Godtar ikke Vegvesenets nye klimaberegninger»

Artikken og intervju med Synnøve Kvamme (som nestleiar):

<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/47J139/allerede-i-hoest-fikk-politikere-nye-klimaargumenter-for-hordfast-foerst-naa-kan-naturvernforbundet-peke-paa-alt-de-mener-er-galt>

15.03.2022, Kvinnheringen: «Vern om Hardangerfjorden og urørt natur – dropp Sunnfast»

Uttale frå Naturvernforbundet Hordaland sitt årsmøte:

<https://www.kvinnheringen.no/vern-om-hardangerfjorden-og-urort-natur-dropp-sunnfast/o/5-27-343803>

Også referert til i *Grenda*.

15.03.2022, Os & Fusaposten (papir): «Naturvernforbundet om vegvesenet sin ferske Hordfast-studie:

- Basert på høgst tvilsame premisser»

Artikkel og intervju med Synnøve Kvamme (som nestleiar).

18.03.2022, Bergensavisen: «Gi oss nasjonalpark – ikke håpløse Hordfast!»

Lesarinnlegg av Gabriel Fliflet:

<https://www.ba.no/gi-oss-nasjonalpark-ikke-haplose-hordfast/o/5-8-1848557>

18.04.2022, Bergens Tidende: «Vi kan bruke kraften på land – og likevel nå klimamålene»

Lesarbrev om elektrifisering av sokkelen, av William Helland-Hansen:

<https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/bGrn43/vi-kan-bruke-kraften-paa-land-og-likevel-naa-klimamaalene>

25.03.2022, Avisa Nordhordland: «Naturvernforbundet vil at fleire nordhordlendingar skal gjere dette»

Artikkel om lyngbrenning og intervju med Jeanette Tennebeek (prosjektleder *Bevaring gjennom skjøtsel*):

<https://www.nordhordland.no/naturvernforbundet-vil-at-fleire-nordhordlendingar-skal-gjere-dette/s/5-33-505522>

26.03.2022, NRK Vestland: «Ingen tek ansvar – renovasjonsselskapet fjernar 500 bildekk på dugnad»

Artikkel med intervju med Ingvild Sundal Joys (prosjektleder *Plastjakten*):

<https://www.nrk.no/vestland/dugnadsgjeng-fra-bir-ryddar-skogen-for-hundrevis-av-bildekk--ingen-andre-tok-ansvar-1.15905205>

27.04.2022, Fanaposten: «Naturvernforbundet ber om at Ringveg Øst kuttes med 75-80 prosent»

Artikkel og intervju med Gabriel Fliflet:

<https://www.fanaposten.no/nyheter/naturvernforbundet-ber-om-at-ringveg-ost-kuttes-med-75-80-prosent/repvdA!KNrTVzf8zso@JUmqKLZ1A/>

04.05.2022, Bergensavisen: «Overbevist om at Hordfast blir mye dyrere enn det som blir sagt»

Artikkel og intervju med Tom Skauge og Roald Kvamme:

<https://www.ba.no/overbevist-om-at-hordfast-blir-mye-dyrere-enn-det-som-blir-sagt/s/5-8-1872032>

13.05.2022, Bergensavisen: «Gravde rundt reirene mens fuglene flakset over dem»

Artikkel og intervju med Synnøve Kvamme:

<https://www.ba.no/gravde-rundt-reirene-mens-fuglene-flakset-over-dem/s/5-8-1898386>



31.05.2022, Klassekampen (papir): «Prioriter trygge og gode veier!»

Felles opprop mellom Naturvernforbundet i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, Yrkestrafikkforbundet sine avdelinger Vestland og Logistikk Midt-Noreg og Transportarbeidarforeiningane i Vestland (Fellesforbundet). Oppropet vart også trykt/omtala i *Vikebladet Vestposten*, *Tidens Krav*, *Nyss* og *Romsdals Budstikke*.

MENINGER

KLASSEKAMPEN

Prioriter trygge og gode veier!

SAMFERDSEL Felles opprop

Vi vestlendinger opplever stadig veier i svært dårlig stand. Vi vil ha sikre tofeltsveier, veiskuldre som ikke gir etter, lyse tunneler og trygghet mot ras. Vi ønsker gang- og sykkelveier og gode forhold for kollektivtrafikken. Samfunnet har ikke råd til samtlige veiprojekter som finnes i Nasjonal transportplan. Vi mener derfor vi må prioritere vedlikehold og veiprojekter som gjør hverdagen bedre, for både nyttetransport og myke lokaltrafikanter. Svært kostbare og naturødeleggende nye prosjekter, som Hordfast (Os-Stord) og Møreaksen (Ålesund-Molde),

må settes på vent. Bare disse to fjordkryssningene er beregnet å koste 67 milliarder kroner og er i særklasse de to dyreste veiprojektene blant de 20 som Statens vegvesen anbefaler at blir prioritert.

Det har vært en eksplosiv vekst i prisen på stål de siste månedene. Hordfast bygger på eksperimentell broteknologi. Vi tror sluttsummen for Hordfast og Møreaksen blir langt høyere enn antatt.

Prosjektene er også svært dårlige for natur og klima, med store ødeleggelser av sterkt verneverdig natur og matjord. Kombinasjonen av svært høye kostnader, høye bompenger og store skader på naturen bør gjøre det lett å prioritere gode bruksveier framfor sterkt omstridte

prosjekt som Møreaksen og Hordfast.

Fergefri E39 fra Trondheim til Kristiansand er beregnet til å koste 340 milliarder kroner og er sannsynligvis det største naturinngrepet i Norge noen gang. Den samlede samfunnsøkonomiske nytten ble i 2015 anslått til minus 51 milliarder kroner.

Vi ber om at planene for Fergefri E39 blir vurdert på ny, for å finne mer moderate og miljøvennlige løsninger.

Trude Valle og Jan Arne Læberg,
Yrkestrafikkforbundets avdelinger Vestland og Logistikk Midt-Norge
Eirik Svensson,
Transportarbeiderforeningene i Vestland (Fellesforbundet)
Gabriel Fliflet, Anne Line Thingnæs Førund og Louise Thoresen
Naturvernforbundet i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

03.06.2022, Fanaposten: «Raser mot Posten-planen i Kokstaddalen: - Dette burde være tabu i 2022»
Artikkel og intervju med Gabriel Fliflet:

<https://www.fanaposten.no/nyheter/raser-mot-naturinngrep-i-posten-planen-burde-vaere-tabu-i-2022/repvfb!Mg2@gxVeNhX79obkY5tiAw/>

15.06.2022, Fanaposten: «En mye større del av Kalgane må bevares»

Lesarbrev av Harald Simonsen, leiar i Naturmangfaldsgruppa og FNF-koordinator Gunvar Mikkelsen:
<https://www.fanaposten.no/meninger/en-mye-storre-del-av-kalgane-ma-bevares/repvfm!3G5eKAEgwMvcVRlZRCpWhQ/>

20.06.2022, Fanaposten: «Postens planer på Kokstad er svært mangelfullt utredet»

Lesarbrev av Harald Simonsen, leiar i Naturmangfaldsgruppa og FNF-koordinator Gunvar Mikkelsen:
<https://www.fanaposten.no/meninger/postens-planer-pa-kokstad-er-svaert-mangelfullt-utredet/repvft!1ntPk0XwvfvWQIGIIBd0kw/>

07.07.2022, Bergens Tidende (framsida, papir og nett): «Skogsbilveiene er miljøskadelige, overdimensjonerte og bygget uten tillatelse»

Artikkel og intervju med Synnøve Spangelo og Rasmus L. Rasmussen:

<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/oW0VwB/i-aarevis-har-de-kjempet-mot-skogsveiene-paa-fanafjellet-naa-har-riksadvokaten-aapnet-etterforskning>

20.07.2022, Bergensavisen: «Vurderer å redusere avganger på Bergensbanen»

Artikkel og intervju med Tom Skaug:

<https://www.ba.no/vurderer-a-reducere-avganger-pa-bergensbanen/s/5-8-1961259>

23.07.2022, Bergensavisen: «Så mange avganger skal Vy kutte på Bergensbanen»



Artikkel og intervju med Tom Skauge:

<https://www.ba.no/sa-mange-avganger-skal-vy-kutte-pa-bergensbanen/s/5-8-1961938>

30.07.2022, Klassekampen (papir): «Dramatisk udemokratisk»

Artikkel og intervju med Tom Skauge om at Klima- og miljødepartementet ikkje gir innsyn i kva departementet meiner om Hordfast.

05.08.2022, Bergensavisen: «Slakter miljøskadelig flypendling: - Henger ikke på greip»

Artikkel og intervju med Gabriel Fliflet:

<https://www.ba.no/slakter-miljoskadelig-flypendling-henger-ikke-pa-greip/s/5-8-1973978>

Vart også omtala i Klassekampen.

20.08.2022, Bergens Tidende: «Bergensbanen – tilbake til 70-tallet?»

Lesarbrev av Gabriel Fliflet og Holger Schlaupitz (fagsjef i Naturvernforbundet sentralt):

<https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/EadBjI/bergensbanen-tilbake-til-70-tallet>

Fekk også omtale i *Hallingdølen*.

22.09.2022, Bergensavisen (papir): «Plast i fjorden: Vi kan ikke skylde på andre»

Artikkel om «Rein Hardangerfjord»-ryddeaksjonen, refererte til aksjonsvideo med Synnøve Kvamme og Ruben Oddekallv (Miljøvernforbundet).

Fekk også omtale i *Hardanger Folkeblad* og *Hordaland Folkeblad*.

03.10.2022, Bergens Tidende: «Vegvesenet hevdet at Hordfast er best for klimaet. Nå har Naturvernforbundet tatt frem kalkulatoren.»

Artikkel og intervju med Tom Skauge og Synnøve Kvamme:

<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/69kEne/vegvesenet-hevdet-at-hordfast-er-best-for-klimaet-naa-har-naturvernforbundet-tatt-frem-kalkulatoren>

04.10.2022, Avisa Hordaland (papir): «Har ordet «varig» blitt heilt innhaldstomt?»

Lesarbrev om den varig verna Raundalselva, saman med ei rekke andre organisasjonar.

16.10.2022, Bergensavisen, : «Bergen har fattet vedtaket. Nå trengs en plan.»

Lesarbrev om cruise, av William Helland-Hansen:

<https://www.ba.no/bergen-har-fattet-vedtaket-na-trengs-en-plan/o/5-8-2040066>

22.10.2022, Bergens Tidende: «Vegvesenet innrømmer at myrene er dypere enn bergenet»

Artikkel og intervju med William Helland-Hansen:

<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/nQQmVx/vegvesenet-innroemmer-at-myrene-er-dypere-enn-beregnet>

27.10.2022, Hardanger Folkeblad: «Uroa over aukande press på naturen»

Artikkel som refererer til NVH sin høyringsuttale om gondolbane til Rossnos i Odda:

<https://www.hardanger-folkeblad.no/meiner-det-er-fleire-manglar-ved-konsekvensutgreiinga/s/5-22-464103>

07.11.2022, Klassekampen: «Dette er ingen utredning! Det er skremmende at Finansdepartementet ikke begriper poenget med klimaavgift til fordeling.»

Kronikk av Hallvard Birkeland og Truls Gulowsen:

<https://klassekampen.no/utgave/2022-11-07/dette-er-ingen-utredning>

10.11.2022, Bergens Tidende: «Dropp Wisting!»

Lesarbrev av William Helland-Hansen m. fl.:

<https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/BW0aQG/dropp-wisting>



Naturvernforbundet

Hordaland

11.11.2022, Bergensavisen: «Bergen er nå en av verdens to grønneste turistattraksjoner»

Artikkel og intervju med Tom Skaug:

<https://www.ba.no/bergen-er-na-en-av-verdens-to-gronneste-turistattraksjoner/s/5-8-2066379>

26.11.2022, Avisa Hordaland: «Nok hytter no»

Lesarbrev av Gabriel Fliflet og styret i Voss Naturvernlag:

<https://www.avis-hordaland.no/nok-hytter-no/o/5-132-474761>

03.12.2022, Avisa Hordaland (papir): «Flaumsikring i det verna Vossovassdraget»

Lesarbrev av Gabriel Fliflet, Noregs Jeger- og Fiskarforbund (NJFF) Hordaland, Bergen og Hordaland Turlag og Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland.

09.12.2022, Fanaposten: «Plan- og bygningsetaten aksepterer en storstilt nedbygging av Kalgane»

Lesarbrev av Harald Simonsen, leiar i Naturmangfaldsgruppa, m.fl.:

<https://www.fanaposten.no/meninger/plan-og-bygningsetaten-aksepterer-en-storstilt-nedbygging-av-kalgane/repvhlhgQ0fqJmBSJoB2FZ3qtP1ew/>

10.12.2022, NRK Vestland: «Eidfjord Resort vil at kommunen skal spytta inn 55 millionar kroner»

Artikkel med sitat frå Gabriel Fliflet:

<https://www.nrk.no/vestland/eidfjord-resort-vil-at-kommunen-skal-spytta-inn-55-millionar-kroner-1.16213812>

12.12.2022, Avisa Hordaland: «Naturvernforbundet åtvarar kommunen å løyva midlar til Eidfjord Resort: - Kan skada både økonomien og omdømet til kommunen»

Artikkel med åtvaringa me sendte til kommunestyrerepresentantane i Eidfjord: <https://www.avis-hordaland.no/naturvernforbundet-atvarar-kommunen-a-loyva-midlar-til-eidfjord-resort-kan-skada-bade-okonomien-og-omdomet/s/5-132-480962>

Vart også omtala i Hardanger Folkeblad.

Oddvar Skre til minne



2. juli 2022 gjekk Oddvar Skre bort, 83 år gamal. Han var ein bauta, veteran og æresmedlem i Naturvernforbundet Hordaland.

Gabriel Fliflet, Synnøve Kvamme, Harald Simonsen, Per Flatberg og Truls Gulowsen signerte minneordet som vart trykt i Bergens Tidende, Bergensavisen, Fanaposten, Aftenposten og Nationen: <https://www.bt.no/minneord/i/L5267p/ein-bauta-i-miljoeroersla>